
Emne: Høyrings svar

Til: Post Språkrådet <post@sprakradet.no>

Sendt: 04.03.2024 16:03:38

Fra: Vetle Nordgård Mikkelsen <vetle.mikkelsen@gmail.com>

Hei!

Eg spretter kavaen for dei føreslåtte endringane i nynorsknorma. Både norvagisering av skrivemåte og gjensynet med "koss" er gledelege nyhende!

Eg kjem likevel ikkje unna det som er min kjepphest i normeringa: Ekskluderinga av a-endingar i ubunden form eintal av svslle hokjønnsord. Dette er former som er karakteristiske for a-målet, og det er veldig merkeleg at nynorsk skrift no berre har "halve" a-målet, representert ved a-infinitiven.

Dette er former som er vanlege i talemåla, og, om dei er marginale i skrift, er nok dette blant anna fordi dei er ute av norma.

Eg føreslår å ta dei inn igjen i norma, med valfri or/one-ending i fleirtal. Blanda bøyning er trass alt noko vi kjenner godt frå verbbøyninga i nynorsken, så det bør gå fint å skriva "ei jenta - fleire jenter (eller jentor)".

Beste helsing

Vetle Nordgård Mikkelsen

Nordist, journalist og kjepphestryttar